



Vinterlandbruksskolen  
på Jæren

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Kleppe, 15. januar 2015

## Høyring – forslag om endringer i privatskulelova. Punkt 10.5 Minste elevtal

Vinterlandbruksskolen på Jæren er ein vidaregåande skule i programområde Naturbruk. Skulen er stifta så langt tilbake som i 1911. Han er ein stiftelse med 11 kommunar på Jæren og i Dalane som stiftarar. Desse kommunane oppnemner kvar eit styremedlem for skulen.

Formålet med skulen er å gi landbruksutdanning til vaksne som vanskeleg kan reise vekk på skule pga. arbeid, anten på garden eller i anna næringsliv. Skulen har dette skuleåret 70 elevar som utgjer om lag 17 årselevar. Elevane er vaksne elevar som tek heil eller delvis agronomutdanning på kveldstid. Skulen har rett til å ta opp i alt 21 årselevar utan rett til vidaregåande opplæring, men og rett til å ta opp elevar med slik rett.

Denne særskilde retten er i OT-prop. nr 37 (20016 – 2007) likestilt med og begrunna saman med opplæring i små, verneverdige fag som behov samfunnet har for kompetanse på bestemte område. Vi siterer frå kapitel 19 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget:

«Til § 3-1 femte ledd

*Føresegna fører vidare den gjeldande forskriftsheimelen om inntak av utanlandske søkjarar. I forskriftsheimelen om inntak av vaksne søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring er det gjort ei endring som inneber at heimelen gjeld i særskilde tilfelle. Slike særskilde tilfelle vil mellom anna vere inntak til opplæring i små, verneverdige fag, og behov samfunnet har for kompetanse på bestemte område, mellom anna innanfor landbruks- og gartnarnæringa og enkelte omsorgsutdanningar.»*

I forslaget til endringer i privatskulelova føreslår departementet i punkt 10.5 at grensa for minste elevtal skal hevast frå 15 til 30 elevar for at skulen ikkje skal miste si godkjenning.



Dette kravet kan setje kroken for døra for skulen vår med resultat at ungdom i vårt område som skal overta eit gardsbruk ikkje vil kunna skaffa seg naudsynte fagkunnskapar for drifta. Situasjonen er nemleg i dag slik at det som regel ikkje er rom for meir enn ein brukar/tilsett på garden. Komande bønder må difor utdanna seg til eit anna yrke som dei praktiserar før dei kanskje midt i trettiåra overtek garden og byrjar som bønder.

Løysinga for desse er å ta agronomutdanninga på deltid og kveld for å skaffa seg naudsynt kompetanse.

Med vårt elevgrunnlag og formål er det difor vanskeleg å nå opp i eit samla elevtal på 30, og skulen kan jo heller ikkje ta opp meir enn til saman 21 årselevar utan rett. Jfr. Forskrift til privatskulelova, § 11.1

#### Konklusjon:

1. Vinterlandbruksskolen på Jæren ber om at grensa for minste elevtal blir ståande på 15 elevar som i dag.
2. Viss talet blir heva til 30 (eller til eit anna tal), ber skulen subsidiært om å blir vurdert på linje med skulane nemnd i 2.1.g med same grunngjeving som i OT-prop. 37 (2006 – 2007) nemnd ovafor.

Med helsing  
Vinterlandbruksskolen på Jæren

Sverre Risa  
Styreleiar

Ole Eriksen  
Rektor